
Saksnr: 2020/61520-5
Saksbehandlar Erlend Iversen
Dato: 27.01.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør infrastruktur og veg

Status – kunnskapsgrunnlag for skredsikring for RTP 2022 – 2033

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg vil i denne meldinga orientera om status i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for skredsikring. Dette vil vera eitt av grunnlagsdokumenta for Regional transportplan (RTP), og vart tidlegare omtala som handlingsprogram. Kunnskapsgrunnlaget for skredsikring vil leggjast fram for hovudutval for samferdsel og mobilitet og fylkesutvalet i løpet av våren 2021.

Utgangspunktet for arbeidet med skredsikring er skredsikringsbehovslistene som Statens vegvesen la fram i desember 2019, som grunnlag for NTP-arbeidet. Det vert presisert at skredsikringslistene frå Statens vegvesen inneheld ein del skredpunkt som ikkje er kostnadsrekna:

<https://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Geofag/Skred/Skredsikring>

Avdeling for infrastruktur og veg arbeider no med å oppdatere skredsikringslistene. Arbeidet omfattar mellom anna:

- Rydding i skredlistene: Prosjekt som er ferdig bygd, under bygging, eller vil bli bygd i 2021, er tatt ut. Nokre prosjekt som er delvis sikra er revurdert i høve skredfarefaktor (delfaktor F2), og kan bli ståande på lista med ein lågare skredfaktor.
- Nokre prosjekt er justert med endra skredfrekvens, spesielt der frekvensen har vore underrapportert, og geofaglege tilleggsvurderingar vert lagt til.
- Utarbeiding av prosjektark for alle skredpunkt med skredfaktor høg og middels. Her er verbal omtale av punktet, kart, forslag til tiltak og kostnadsestimat (2020-kr). Prosjekt med skredfaktor låg er ikkje vurderte, ut over nokre få tiltak som er korrigert
- Dei strekningane som per i dag er vinterstengde er ikkje inkludert i kostnadsoverslaget
- I nokre tilfelle er det rekna ut både sikring av enkeltpunkt og alternativ kostnad for tunell, som ofte sikrar fleire punkt.
- Dei aller fleste prosjekta er i tidleg fase med stor usikkerheit. For mange prosjekt må det gjennomførast fysisk reinsk i terrenget for å avdekke omfanget av sikringsbehovet.
- Pr januar 2021 er oppdaterte kostnader for prosjekta i Vestland med høg og middels skredfaktor omlag 15 milliardar kroner (+/- 40% usikkerheit) – men listene er ikkje ferdig kvalitetssikra enno. Med dagens nivå på løyvingane har VLFK knapt 6 mrd kr i 12-årsperioden.